

Sykkylven kommune

Innbyggjarundersøking 2019



Det er no ikkje så verst her, likevel då!

Kommentar frå ein innbyggjar.

Innhald

Innleiing	3
Om undersøkinga	3
Gjennomføring	3
Representativitet.....	4
Hovudtrekk frå undersøkinga.....	5
Samanlikning med andre kommunar	6
Bakgrunnsspørsmål	7
Kommunale tenester.....	9
Næring og arbeid.....	23
Transport og tilgjengelegheit	24
Miljø.....	26
Klima	28
Natur, landskap og friluftsliv	29
Levekår	30
Bumiljø og senterfunksjonar	31
Servicetilbodet.....	33
Bustadtilbod	34
Kultur og idrett	35
Utbygging og utvikling.....	37
Trygghet.....	39
Kommunen du bur i.....	40
Møte med kommunen	42
Tillit	45
Omdøme.....	47

Innleiing

Innbyggerundersøking er ein metode for å kartlegge korleis innbyggerane vurderer sentrale sider ved situasjonen i kommunen, verksemda til kommunen og haldningar og tillit til kommunen.

Undersøkinga er ei standardisert undersøking frå Betrekommune, Kommuneforlaget AS, tilgjengeleg for alle norske kommunar.

Undersøkinga vart gjennomført i mai/juni 2019. Sykkylven kommune har tidlegare gjennomført tilsvarande undersøking i 2011 og i 2015.

Om undersøkinga

Innbyggerundersøkinga omfattar tre hovudtema:

- Kommunen sitt omdøme som tenesteleverandør.
- Kommunen som stad å bu.
- Innbyggerane sin tillit til at lokaldemokratiet fungerer.

Spørsmåla i undersøkinga er delt i 18 kategoriar:

- Kommunale tenester – frå dei som har brukt tenestene siste 12 månadane
- Kommunale tenester - inntrykk frå dei som ikkje har brukt tenesta (omdøme)
- Næring og arbeid
- Transport og tilgjengelegheit
- Miljø i kommunen
- Klima og energi
- Natur, landskap og friluftsliv
- Levekår
- Bumiljø og senterfunksjonar
- Servicetilbodet
- Bustadtilbodet
- Kultur og idrett
- Utbygging og utvikling
- Trygghet
- Kommunen som stad å bu
- Møte med kommunen
- Tillit
- Heilskapsvurdering

I tillegg er det bakgrunnsspørsmål om alder, kjønn, utdanning, personar i husstanden, med meir.

Gjennomføring

Til undersøkinga vart det trekt ut eit tilfeldig, representativt utval på 1700 pesonar over 18 år.

Uttrekk vart gjort av Evry AS, som har konsesjon til dette. Storleiken på utvalet har vore lik dei tre gongene kommunen har gjort denne undersøkinga.

Alle svarar anonymt.

Gjennom Bedrekommune/Kommuneforlaget vart det generert individuelle passord til alle i utvalet. Personane fekk tilsendt spørjeskjema på papir, med frankert svarkonvolutt, samt oppmoding om å nytte passord for å svare på nett. Det vart drøfta å berre sende passord, men dette vart vurdert som ei løysing som truleg ville gi lågare svarprosent.

Litt over halvparten av svara (247) kom på papir. Desse vart registrert inn av kommunen.

435 personar svarte på undersøkinga (550 i 2015 og 403 i 2011). Svarprosenten er 26% (31% i 2015 og 23% i 2011).

I følgje Kommuneforlaget er gjennomsnittleg svarprosent på denne type undersøkingar rundt 20%. Sykkylven ligg altså godt over snittet.

Representativitet

Ut frå innbyggjartal, storleik på utvalet og svarprosent, meiner Kommuneforlaget at svara er representative for alle innbyggjarane i kommunen.

Innanfor kvart einskild spørsmål må ein rekne med ein feilmargin på pluss/minus eit par prosent. Mindre endringar frå tidlegare undersøkingar kan såleis vere usikre.

Hovudtrekk frå undersøkinga

Hovudintrykket frå undersøkinga kan oppsummerast slik:

- Sykkylven er ein god stad å bu.
- Innbyggerane er i stor grad nøgde med dei kommunale tenestene.


Spørsmåla er delt i 18 kategoriar. På 14 av kategoriene ligg snitt skår på 4 eller høgare på ein skala frå 1-6, der 6 er best.

Størst framgang frå 2015 er for kategoriene servicetilbod og bumiljø og senterfunksjonar.

Kommunal tenesteproduksjon viser litt framgang. Det same gjeld heilskapsvurderinga.

Natur, landskap og friluftsliv, og bustadtilbod har gått litt ned sidan 2015. For dei andre kategoriene er svara omtrent like med 2015. Innanfor alle område er det forbettringspotensiale.

Ser ein utviklinga frå 2011 er det markert betre skår for dei fleste kategoriene. I 2019 ligg ingen under 2011-nivået.




Samanlikning med andre kommunar

Verktøyet Bedrekommune.no gir høve til å samanlikne Sykkylven med andre kommunar som gjer undersøkinga. Det varierer kor mange kommunar som gjennomfører undersøking frå år til år. Mellom 10 og 20 kommunar er vanleg. Pr august er det 9 kommunar som har køyrt undersøkinga i 2019.

Det kan vere stor ulikskap mellom kommunane. Undersøkinga gir ikkje høve til å sortere mellom etablerte kommunegrupper som til dømes i KOSTRA-samanheng. Samanlikninga gir derfor berre ein peikepinn på stoda i Sykkylven samanlikna med eit tilfeldig utval andre kommunar.

Resultatet for 2019 viser at Sykkylven i snitt i stor grad skårar noko betre på dei fleste kategoriene. Transport og tilgjengelegheit er einaste kategorien der snitt Sykkylven ligg tydeleg under snittet for kommunegruppa. Dette er i stor grad knytt til missnøye med kollektiv transport og tilrettelegging for gåande og syklende. Mange er misnøgdde med vegstandarden, men her er ei jamn forbetring frå 2011 til 2019.













Bakgrunnsspørsmål

Innleiingsvis stiller undersøkinga ein del bakgrunnsspørsmål om den som svarar og husstanden.

Kort oppsummert er det ikkje store endringar frå 2011 til 2019. Ein svak tendens til endra kjønnsbalanse samsvarar med tilsvarande endring i kjønnsbalansen i befolkninga frå 2011 fram til i dag. Utdanningsnivået aukar noko, i tråd med samfunnsutviklinga generelt . Dei fleste er fødde i Norge, har budd i Sykkylven meir enn 15 år og bur i einestad som dei eig sjølv.

Aldersmessig er gruppa 18-39 år om lag 15% underrepresentert, medan gruppa 40-66 år er om lag 9% overrepresentert, og gruppa 67 år og eldre om lag 6% overrepresentert.





Kommunale tenester

Undersøkinga skiller mellom dei som har brukt tenesta og dei som ikkje har brukt tenesta. Dei som ikkje har brukt tenesta, vert spurt om kva **inntrykk** dei har av dei ulike tenestene. Desse svara gir uttrykk for grad av tillit og omdøme blant innbyggjarane.

Figuren for inntrykk, altså innbyggjarar som ikkje har brukt tenesta, har naturleg nok ein mykje større del som svarar «veit ikkje», samanlikna med dei som har brukt tenesta.

Spørreskjema har 7 svarkategoriar for tenestene:

- Særs misnøgd
- Misnøgd
- Litt misnøgd
- Litt nøgd
- Nøgd
- Særs nøgd
- Veit ikkje



Samanlikning med andre

I tabellform er resultatata for Sykkylven samanlikna med kommunegruppa som har gjennomført undersøkinga så langt i 2019. Pr dato er det 9 kommunar i gruppa. Betrekommune brukar nemninga snitt Norge. Nemninga vert noko missvisande. I tabellane er nemning «alle kommunar» nytta.

Små skilnadar må reknast som innanfor sannsynleg feilmargin.



Generelt ligg Sykkylven noko over dei andre kommunane i undersøkinga. Avvika er små. Kun nokre få område har ein skilnad på 0,4 poeng eller meir i skalaen frå 0 til 6.

Spørsmål 1: Kor nøgd der du med servicetorget?



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Servicetorget	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	4,8	4,7
Inntrykk	4,6	4,2



Spørsmål 2: Kor nøgd er du med dei internettbaserte tenestene?



Den kommunale heimesida var utdatert, og under utskifting, då undersøkinga vart gjennomført. Auka misnøye frå 2015 til 2019 kan ha samanheng med ei utdatert heimeside, samt auka krav og forventingar til gode nettbaserte tenester. Ny heimeside vart tatt i bruk i juni 2019.



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Nettbaserte tenester	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	4,3	4,2
Inntrykk	4,4	4,0

Spørsmål 3: Kor nøgd er du med barnehagetenesta?





Samanlikna med andre kommunar 2019		
Barnehage	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	5,1	4,9
Inntrykk	4,8	4,5

Spørsmål 4: Kor nøgd er du med grunnskulen?





Samanlikna med andre kommunar 2019		
Grunnskule	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	4,6	4,3
Inntrykk	4,4	4,2

Spørsmål 5: Kor nøgd er du med fritidstilboda til ungdom?





Samanlikna med andre kommunar 2019		
Fritidstilbod til ungdom	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	4,7	4,6
Inntrykk	4,0	3,8

Spørsmål 6: Kor nøgd er du med heimehjelpstenesta?





Samanlikna med andre kommunar 2019		
Heimehjelp	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	4,8	4,4
Inntrykk	4,7	4,2

Spørsmål 7: Kor nøgd er du med heimesjukepleietenesta?





Samanlikna med andre kommunar 2019		
Heimesjukepleie	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	5,0	4,6
Inntrykk	4,9	4,3

Spørsmål 8: Kor nøgd er du med heildøgns omsorgstenesta(BUAS)?





Samanlikna med andre kommunar 2019		
Heildøgns omsorg (BUAS)	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	4,4	4,5
Inntrykk	4,6	4,1

Spørsmål 9: Kor nøgd er du med fastlegen?





Samanlikna med andre kommunar 2019		
Fastlege	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	5,0	4,5
Inntrykk	4,2	3,5

Spørsmål 10: Kor nøgd er du med legevakttenesta?



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Legevakt	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	5,0	4,3
Inntrykk	4,7	4,1


Spørsmål 11: Kor nøgd er du med biblioteket?



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Bibliotek	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	5,2	5,2
Inntrykk	4,8	4,6

Spørsmål 12: Kor nøgd er du med kulturskulen?


Kulturskulen var ikkje med i undersøkingane i 2011 og 2015. Det ligg derfor ikkje føre tal for utvikling over tid.



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Kulturskulen	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	4,7	4,7
Inntrykk	4,8	4,5

Spørsmål 13. Alt i alt, kor nøgd er du med tenestetilbodet i kommunen?

Dette spørsmålet er berre stilt til dei som har brukt tenestene.





Alt i alt ser ein at delen nøgd/særs nøgd auka mykje frå 2011 til 2015, og er etter det lite endra fram til 2019. Nokon fleire er særs nøgde, men framleis under nivået frå 2011. Mest markert endring er at delen «veit ikkje» har ei tydeleg auke frå 2015 til 2019.

Samla er omlag 80% i større eller mindre grad nøgde med tenestetilbodet.

Samanlikna med andre kommunar 2019		
Tenestetilbod, alt i alt	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Brukt tenesta	4,5	4,3




Næring og arbeid





Høg del veit ikkje på spørsmål om høve til å starte eiga verksemd, er naturleg ut frå at få innbyggjarar har erfaring med dette.

Samanlikna med andre kommunar 2019		
Næring og arbeid	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Høve til å få arbeid nær heimen	4,7	4,2
Høve til å etablere eiga verksemd	4,1	3,7




Transport og tilgjengelegheit







Samanlikna med andre kommunar 2019		
Transport og tilgjengelegheit	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Standard på vegar og gater	4,1	4,1
Tilrettelegging for fotgjengarar	3,3	3,7
Tilrettelegging for syklistar	3,0	3,5
Kollektivtilbodet innan kommunen	2,9	3,2
Kollektivtilbodet inn og ut av kommunen	3,5	3,5


Miljø







Samanlikna med andre kommunar 2019		
Miljø	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Kvaliteten på drikkevandet	5,2	5,1
Høve til å sortere av avfall for gjenvinning	5,1	4,7
Henting av hushaldningsavfall	5,0	4,7
Luftkvaliteten	5,5	5,1
Støynivå	5,1	4,8

Klima






Samanlikna med andre kommunar 2019		
Klima	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Klimatiltak	4,1	3,8


Natur, landskap og friluftsliv



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Natur, landskap og friluftsliv	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Tilrettelegging for friluftsliv	4,8	4,6
Ivaretaking av natur og landskap	4,2	4,1


Levekår







Samanlikna med andre kommunar 2019		
Levekår	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Oppvekstmiljø for barn og unge	4,6	4,3
Kommunen som bustad for eldre	4,4	4,2
Kommunal hjelp til personar i vanskelege livssituasjonar	3,9	3,6
Naboskap og sosialt fellesskap	4,7	4,5




Bumiljø og senterfunksjonar







Samanlikna med andre kommunar 2019		
Bumiljø og senterfunksjonar	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Møteplassar der du kan treffe andre	4,2	4,0
Folkeliv og aktivitet i kommunen	4,3	4,1
Ryddigheit og reinhald på offentlege stader	4,3	4,2


Servicetilbodet



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Servicetilbodet	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Tilbod av kafear, restaurantar, uteliv	4,3	4,1
Bank, post og forsikring	4,8	4,1
Butikktilbodet	4,8	4,6

Bustadtilbod








Høg del veit ikkje kan ha samanheng med at rundt 80% av dei som har svart bur i einebustad, eig bustaden sin sjølv og har ikkje planar om å flytte.

Samanlikna med andre kommunar 2019		
Bustadtilbod	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Høve til å skaffe leilegheit	4,0	4,1
Høve til skaffe einebustad/rekkehus	4,2	4,1
Høve til å skaffe tomt	3,7	3,2




Kultur og idrett








Samanlikna med andre kommunar 2019		
Kultur og idrett	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Kulturtilbodet	4,6	4,4
Høve til å delta i idrett	4,9	4,7
Andre fritidsaktivitetar	4,6	4,3


Utbygging og utvikling








Samanlikna med andre kommunar 2019		
Utbygging og utvikling	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Utviklinga av kommunesenteret	3,7	3,7
Utviklinga av andre tettstadar/buområde i kommunen	3,6	3,5
Næringsutviklinga	3,8	3,7
Bevaring av dyrka jord	4,0	3,8
Ivartaking av friluftsområde	4,4	4,1
Leike- og aktivitetsområde	4,2	3,9



Trygghet



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Trygghet	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Kor trygt opplever du det er å bu og ferdast i kommunen	5,2	5,0




Kommunen du bur i









Samanlikna med andre kommunar 2019		
Kommunen du bur i	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Området der du bur	5,2	5,0
Å bu i kommunen	4,9	4,7
I kva grad vil du anbefale andre å flytte hit	4,2	4,4

Møte med kommunen







Samanlikna med andre kommunar 2019		
Møte med kommunen	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Korleis folkevalde lyttar til innbyggjarane	3,5	3,3
Korleis folkevalde løyser lokale utfordringar	3,4	3,3
Høve til å påverke kommunale avgjerder	3,3	3,0
Korleis kommunen følgjer opp lovnadar	3,3	3,1
Serviceinnstillinga hos tilsette i kommunen	4,3	4,0
Kor raskt du får hjelp/svar	4,1	3,8
Informasjonen frå kommunen	4,0	3,8

Tillit





Spørsmål: Har du i løpet av dei siste 2 åra




-engasjert deg i politiske saker, t.d. ved å kontakte folkevalde, delteke i aksjonar, skrive lesarinlegg?

-hatt verv eller oppgåver i samband med frivilljuge organisasjonar, fritidsaktivitetar, innsamlingar, idrettslag eller liknande?

-hatt verv eller oppgåver i samband med kommunale tenester, t.d. styre/råd i skule, barnehage, brukarråd eller liknande?


-delteteke på dugnad i nærmiljøet, foreldresamarbeid/køyring mv.?





Samanlikna med andre kommunar 2019		
Tillit	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Tillit til at politikarane arbeide innbyggerane sitt beste	3,8	3,8
Tillit til at kommunen handsamar like saker likt	3,3	3,4
Tillit til at kommunen følgjer lover og reglar	4,1	4,2

Omdøme



Samanlikna med andre kommunar 2019		
Omdøme	Snitt Sykkylven	Snitt alle kommunar
Trur du kommunen har godt omdøme?	3,9	4,0